



Sak nr	Utval	Møtedato
31/16	Formannskapet	03.03.2016
30/16	Kommunestyret	16.03.2016

KOMMUNEPLAN 2016-2026 - SAMFUNNSDELEN - GODKJENNING

Formannskapet

03.03.2016

Handsaming:

Rådmannen orienterte.

I Grunnlagsdokumentet på s. 25 ligg det føre to alternativ i avsnitt om jernbane. Dette er utegløymt i innstillinga.

Jernbane – alternativ 1.

Vårt næraste trafikknutepunkt for jernbanen her i Møre og Romsdal, er Raumabanen som sluttar på Åndalsnes. Denne transporterar både personar og ein del gods, men er etter måten gamaldags, og er også diesel driven. I den seinare tid har persondelen våre marknadsført i forhold til turisme på grunn av sine særeigne trasear.

Sjølv om nokre pådrivarar frå tid til anna har prøvd og få igjennom forlenging av banen til Ålesund, har det så langt ikkje skjedd. Kva som kan vere årsaka til det, kan vere mange. Men årsaka til at ein ikkje har lukkast, har nok mest si årsak i manglande trafikkgrunnlag og elles samfunnsøkonomi. For nokre år sida vart det teke initiativ til å bygge ut eit Lyn-tog konsept i Noreg(Norsk Bane AS), med modell frå andre stader, mellom anna frå Europa. Staten løyvde pengar til ei utgreiing og konkluderte med at dette så langt ikkje var mogleg og gjennomføre i Norge.

Undervegs har det vorte danna ei arbeidsgruppe/interesse organisasjon som heiter Lyntogforum, som delvis har vorte finansiert av kommunar og fylkeskommunar, også av Skodje kommune. Arbeidet den seinare tida har mest vore fokusert på dette med val av ein framtidig trase for eksempel mellom Oslo og Trondheim, der ein ser det som særdeles viktig og leggje traseen gjennom Gudbrandsdalen, slik at ein i framtida kan få bygd ei arm mot vest for eksempel til Ålesund.

Om dette nokon gang vert gjennomført er så langt ikkje avklara, og der ligg ingen konkrete føringar som er styrande for arealbruken, langs den eller dei tenkte trasevala som ein gang måtte kome.

Og så lenge korkje skisser eller konkrete planar ligg føre, kan ikkje kommunane, sjølv om ein veit med sikkerheit at nokre kommunar vert rørde av ei slik utbygging, ta omsyn til dette. Heller ikkje for Ålesund, eller i det næraste området rundt, der ein evt. endestasjon vil kome, har ein teke omsyn til slik etablering i arealplanarbeidet.

Kommuneplanperioden har eit perspektiv på 10 år, eller kortare, og vi ser difor ikkje at evt. traseval bør sikrast i denne planperioden.

Jernbane – alternativ 2.

Lyntog er ein reiskap for å innfri krava til moderne mobilitet på ein effektiv og berekraftig måte.

Lyntog reduserer både klimagassutslepp og avstandsulemper. Dei knyter marknader og arbeidsplassar saman og styrker næringslivets konkurransevne. At både bygging og drift av lyntognettet i Norge kan brukarfinasierast, betyr at det også kan gi raskare utbygging av nettet mellom Oslo-Trondheim og Ålesund. Satsing på lyntog vil ha god effekt på både klimagassutslepp og trafikkulykker. Mange trur at innbyggjartalet i Norge er så lavt at det ikkje vil vere lønsamt å drive lyntog. Flyforbindelsen Ålesund-Oslo og Molde -Oslo har til saman like mange reisande i året som Paris-Lyon hadde året før opning av lyntogbana der. Ei lyntogruete frå Ålesund-Oslo vil knyte Norge tettare saman og sikre ein av landets fremste verdiskapings- og eksportregion ei betre samferdselsløyising. Ruta vil ta 2,5 time med 7-8 stopp undervegs. Med ei reisetid på 2,5% eller mindre er det minst 75% som vel tog framfor fly. Frå knutepunktet Dombås følgjer stasjonane Bjorli, Valldal, Vestnes, Skodje, Moa og Ålesund. Skodje vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsiktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.

Votering

Votering over alternativ 1 mot alternativ 2 om jernbane på s. 25 i Grunnlagsdokumentet.

Votering: Tre for alternativ 1, fire for alternativ 2.

Votering over rådmannen si innstilling med alternativ 2.

Votering: Samrøystes vedtatt

Innstilling/vedtak:

FORMANNSKAPET SI INNSTILLING

Kommunestyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen, med følgjande endringar/tillegg:

Skodje – Utvikingsorientert brubyggjar i regionen - er visjonen for Skodje kommune i planperioden 2016-2026.

Suksessfaktorar for satsingsområdet AREAL (tillegg til plandelen side 12) :

- Det skal innarbeidast nytt kulepunkt som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle.

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16) :

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdig SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Suksessfaktorar for satsingsområdet for FOLKEHELSE(tillegg til plandelen side 17)

- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle.

Tillegg til handlingsprogrammet under avsnitt for *ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn*(side 21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, noko som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til handlingsprogrammet, under avsnitt for *barnehagar*(side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjenne barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til handlingsprogrammet, under avsnitt for *grunnskule* (side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best moglege utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til handlingsprogrammet, under avsnitt for *mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv* (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Tillegg til handlingsprogrammet, under avsnitt for *økonomi* (side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.
- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Andre tillegg/endingar:

Det skal gjerast presiseringar av bruken av Skodje, der ordlyden kan vere uklar.

Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenesteområda

Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk skal oppdaterast med nyleg publisert kommunestatistikk.

Følgjande dokument skal innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Jernbane – alternativ 2 Grunnlagsdokument s. 25/26

Lyntog er ein reiskap for å innfri krava til moderne mobilitet på ein effektiv og berekraftig måte. Lyntog reduserer både klimagassutslepp og avstandsulemper. Dei knyter marknader og arbeidsplassar saman og styrker næringslivets konkurransevne.

At både bygging og drift av lyntognettet i Norge kan brukarfinasierast, betyr at det også kan gi raskare utbygging av nettet mellom Oslo-Trondheim og Ålesund.

Satsing på lyntog vil ha god effekt på både klimagassutslepp og trafikkulykker.

Mange trur at innbyggjartalet i Norge er så lavt at det ikkje vil vere lønsamt å drive lyntog.

Flyforbindelsen Ålesund-Oslo og Molde -Oslo har til saman like mange reisande i året som Paris-Lyon hadde året før opning av lyntogbana der.

Ei lyntogrute frå Ålesund-Oslo vil knyte Norge tettare saman og sikre ein av landets fremste verdiskapings- og eksportregion ei betre samferdselsløyving. Ruta vil ta 2,5 time med 7-8 stopp undervegs.

Med ei reisetid på 2,5% eller mindre er det minst 75% som vel tog framfor fly.

Frå knutepunktet Dombås følgjer stasjonane Bjorli, Valldal, Vestnes, Skodje, Moa og Ålesund.

Skodje vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsiktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.

Kommunestyret**16.03.2016****Handsaming:**

Rådmannen orienterte

Det vart røysta over framlegget frå Modolf Hareide til ny setning i kulepunkt "Kommunen skal bidra til eit strukturert og godt samarbeid..." under satsingsområde "Areal, samferdsel og næring": "Kommunen skal bidra til å skape møteplassar mellom næringsliv, kommunen og andre aktuelle partar."

Framlegget vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

Det vart røysta over framlegget frå Karoline Stette: Visjon for Skodje kommune: "Skodje - for mangfald, trivsel og utvikling"

Framlegget vart vedteke med 14 mot 7 røyster.

Det vart røysta punktvis over framlegget frå Aase Kristine Haldorsen Bolstad til 2 nye kulepunkt:

1) Nytt kulepunkt under suksessfaktor TENESTEPRODUKSJON: "Prioritere førebyggjande arbeid i all tenesteproduksjon"

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2) Nytt kulepunkt under suksessfaktor BARN OG UNGDOM: "Fremje sunne vanar innan kosthald og fysisk aktivitet i tråd med Helsedirektoratet sine anbefalingar"

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Votering over formannskapetets innstilling: Samrøystes vedteken

Innstilling/vedtak:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen, med følgjande endringar/tillegg:

Skodje - for mangfald, trivsel og utvikling - er *visjonen* for Skodje kommune i planperioden 2016-2026.

Suksessfaktorar for satsingsområdet AREAL (tillegg til plandelen side 12) :

- Det skal innarbeidast nytt kulepunkt som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle.

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16) :

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdig SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Suksessfaktorar for satsingsområdet for FOLKEHELSE(tillegg til plandelen side 17)

- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle.

Tillegg til handlingsprogrammet under avsnitt for *ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn*(side

21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, noko som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **barnehagar**(side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjenne barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **grunnskule**(side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best mogeleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv** (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **økonomi** (side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.
- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Andre tillegg/endingar:

Det skal gjerast presiseringar av bruken av Skodje, der ordlyden kan vere uklar.

Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenesteområda

Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk skal oppdaterast med nyleg publisert kommunestatistikk.

Følgjande dokument skal innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Jernbane – alternativ 2 Grunnlagsdokument s. 25/26

Lyntog er ein reiskap for å innfri krava til moderne mobilitet på ein effektiv og berekraftig måte. Lyntog reduserer både klimagassutslepp og avstandsurempar. Dei knyter marknader og arbeidsplassar saman og styrker næringslivets konkurransevne.

At både bygging og drift av lyntognettet i Norge kan brukarfinasierast, betyr at det også kan gi raskare utbygging av nettet mellom Oslo-Trondheim og Ålesund.

Satsing på lyntog vil ha god effekt på både klimagassutslepp og trafikkulykker.

Mange trur at innbyggjartalet i Norge er så lavt at det ikkje vil vere lønsamt å drive lyntog.

Flyforbindelsen Ålesund-Oslo og Molde -Oslo har til saman like mange reisande i året som Paris-Lyon hadde året før opning av lyntogbana der.

Ei lyntogroute frå Ålesund-Oslo vil knyte Norge tettare saman og sikre ein av landets fremste verdiskapings- og eksportregion ei betre samferdselsløyving. Ruta vil ta 2,5 time med 7-8 stopp undervegs.

Med ei reisetid på 2,5% eller mindre er det minst 75% som vel tog framfor fly.

Frå knutepunktet Dombås følgjer stasjonane Bjorli, Valldal, Vestnes, Skodje, Moa og Ålesund.

Skodje vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsiktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.

Kommunestyret sine tilleggs- og endringspunkt:

Ny setning i fylgjande kulepunkt under satsingsområde "Areal, samferdsel og næring":

Kommunen skal bidra til eit strukturert og godt samarbeid med næringslivet ved m.a. å invitere til lyttemøter, ha god dialog og delta på aktuelle arenaer.

Kommunen skal bidra til å skape møteplassar mellom næringsliv, kommunen og andre aktuelle partar.

Visjon for Skodje kommune: "Skodje - for mangfald, trivsel og utvikling"

Nye kulepunkt:

1) Under «Suksessfaktorar for kommuneorganisasjonen sine målområde: TENESTEPRODUKSJON»

- Prioritere førebyggjande arbeid i all tenesteproduksjon.

2) Under «Suksessfaktorar for satsingsområdet BARN OG UNGDOM:»

- Fremje sunne vanar innan kosthald og fysisk aktivitet i tråd med Helsedirektoratet sine anbefalingar.

VEDLEGG:

1. Forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen, datert 14.10.15.
2. Saksutgreiing og vedtak i K-sak 62/15, frå 22.09.15, med vedtak om offentleg høyring.
3. Friluftsrådet for Ålesund og omland, datert 20.10.15.
4. Skodje sokneråd, datert 05.11.15.
5. Ranveig og Rolf Stavset, datert 09.11.15.
6. Norges vassdrags-og energidirektorat(NVE), datert 12.11.15.
7. Statens vegvesen Region midt, datert 23.11.15.
8. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.11.15.
9. Skodje Venstre v/Kari Grindvik, datert 30.11.15.
10. Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 01.12.15.
11. Skodje ungdomsråd, datert 03.12.15.
12. Valle indremisjon v/Inger Starheimsæter, datert 10.12.15.

KORT SAMANDRAG AV SAKSUTGREIINGA:

Det er utarbeidd eit forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen. Planforslaget omfattar to delar, der den eine utgjer kommunen sin langsiktige kommuneplan med eittårig handlingsprogram og eit grunnlagsdokument som m.a. gir ei oversikt over overordna rammer for planarbeidet, oversikt over utviklingstrekk for kommunen og regionen, og gjer nærare greie for prosessen og vegen fram mot eit utkast til kommuneplan.

Kommuneplanen står no føre slutthandsaming. Det er gjennomført intern høyring og offentleg høyring av planforslaget. Innkome innspel ligg ved saka som eigne vedlegg. Innstillinga ovanfor inneheld rådmannen sitt endringsforslag.

SAKSUTGREIING:

Plandokumenta til kommuneplanen talar i stor grad for seg sjølve. Kommuneorganisasjonen har gjennomført ein intern prosess, og rådmannen har innleiingsvis gjort nærare greie for konklusjonane av dette arbeidet. Denne saksutgreiinga vil vidare gi ei oversikt over dei innkomne innspela som er kome inn til planforslaget i samband med offentleg ettersyn. Innspela er oppsummert her. Ei fullstendig oversikt over innhaldet i uttalanane går fram av vedlagde brev frå partane. Rådmannen sine vurderingar og tilrådde endringar følgjer fortløpande.

Visjon.

I forslag til kommuneplan er det løfta fram seks ulike visjonsforslag. I samband med kommunen si interne handsaming av kommuneplan, er eit av forslaga løfta fram. Rådmannen støttar med bakgrunn i dette følgjande visjonsforslag:

Skodje – Utvikingsorientert brubyggjar i regionen

OVERSIKT OVER INNSPEL – ETTER INTERN PROSESS

All planlegging må ha mål om at vi skal vere i stand til å møte dei store samfunnsutfordringane. Klimautfordringar, samt stor variasjon i demografi og levekår er døme på utfordringar alle kommunar vil måtte handtere. Med bakgrunn i dette bør kommunen ha strategiar for:

- Miljøstrategi i samsvar med «det grønne skiftet»
- Folkehelsestrategi i samsvar med dagens og framtida sine levekårsutfordringar
- Tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi som møter framtida sine demografiske utfordringar

(«Det grønne skiftet» viser til omstillinga til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innanfor tolegrensa til naturen. Viktige tema gjev ofte opphav til nye ord og uttrykk, og det grønne skiftet er eit godt eksempel på det. Andre faste uttrykk som kjem av grunnleggjande samfunnsendingar er til dømes den industrielle revolusjonen, den grønne revolusjonen osv.)

Kommunen arbeider kontinuerleg ut frå ei målsetjing om å styrke kommuneorganisasjonen gjennom m.a. kompetanse og tilpassing av tenester til dei økonomiske rammebetingelsane. Tiltak og måleindikatorar for organisasjonen er present under satsingsområdet *Kommuneorganisasjonen* i handlingsprogrammet side 24,25 og 26. Når det gjeld samfunnsutvikling, er kommunen ein viktig aktør saman med dei øvrige samfunnsaktørane; innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsaktørar og offentlege instansar. Kommunen ønskjer å vere ein tydeleg medspelar for dei ulike gruppene.

Omgrepet «flyktingstraumen» vart nytta i stor grad i 2015 i samband med stor pågang av flyktingar til mange land i Europa, her også Noreg og Skodje kommune. I åra framover reknar ein med at stadig fleire flyktingar vil busette seg i kommunen. Dette må kommunen som organisasjon vere i stand til å handtere. Aktuelle tiltak for å lukkast med dette kjem fram i handlingsprogrammet.

Rådmannen vil med bakgrunn i den interne prosessen i organisasjonen forslå nokre endringar/ tillegg til det planforslaget som ligg føre.

Utdrag frå plandelen(side 16):

Suksessfaktorar for satsingsområdet BARN OG UNGDOM

- Utvikle skulane, kulturskulen og sikre godt barnehagetilbod og fullverdig SFO
- Samarbeide med MOT(MOT til å leve, MOT til å bry seg, MOT til å seie nei) for å forebygge mobbing og bidra til robuste ungdomsmiljø
- Gode tenester på rus- og psykiatriområdet
- Utvikle anlegg for leik og aktiv bruk av naturen
- Legge til rette for ulike former for foreldrenettverk og foreldremedverknad
- Støtte tilbod til organiserte og uorganiserte aktivitetar for barn og unge

Rådmannen tilrår følgjande tillegg/ending:

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16) :

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdig SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Tillegg til handlingsprogrammet under avsnitt for *ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn*(side 21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktingar, noko

som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **barnehagar**(side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjene barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **grunnskule** (side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best mogeleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk eit program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv** (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

OVERSIKT OVER INNSPEL – ETTER OFFENTLEG HØYRING

Friluftsrådet for Ålesund og omland, datert 20.10.15. Friluftsrådet viser til utkast til kommuneplan som ligg til høyring og til e-post frå Liv Serine Helgesen. Friluftsrådet for Ålesund og omland viser til at strandsona er utsett for press, ved at stadig meir av fjøra vert privatisert og nedbygd. I praksis er mange stader stengt for fri ferdsel, og tilgang til sjø er i ferd med å bli mangelvare for folk flest særskilt i nærleiken av busetnad.

Friluftsrådet meiner at kommunen har gjort eit godt arbeid med kommuneplanen som no er lagt ut til høyring og viser til utdrag av prinsipp for arealbruk i 10 årsperioden, der det er lagt til grunn at det skal gjennomførast frilufsregistrering. Friluftsområde som skal sikrast særskilt for ålmenta og offentleg bruk gjennom kommuneplanen: Prestegardsskogen v/Skodje sentrum, øyar og holmar i Ellingsøyfjorden og Skodjevika, samt Langøya ved Mauren. Friluftsrådet bed om at strandlina heile vegen frå Yste Murvika til utløpet av Vågselva vert teke inn under dette punktet.

I tillegg rår friluftsrådet til at kommunen, i samband med arbeidet med arealdelen til kommuneplanen, ser på korleis det kan leggast til rette for ein samanhengande kyststi i kommunen. Skodje har ei unik

strandline, som fleire stader er lett tilgjengeleg og nær bustadområde. Dette har svært stor verdi for innbyggjarane og betyr mykje for trivsel, livsglede og folkehelse. Opparbeiding av turstiar/kyststi gjer områda tilgjengelege til rekreasjon og glede for enda fleire. Friluftsrådet bed om at så mykje som råd av kystlina i Skodje får fargen grøen i arealdelen til kommuneplanen. Friluftsrådet støttar vidare forslaget frå Helgesen, og rår kommunen til å vurdere sikring av Ytterdalfjøra. Friluftsrådet bed elles kommunen om å undersøkje om planering ved naust er utført i strid med gitte løyve, og om å sette i verk naudsynte tiltak dersom det er tilfelle.

Rådmannen si vurdering:

Samfunnsdelen legg nokre rammer for arealplanarbeidet. Friluftsrådet bed m.a. om at strandlina heile vegen frå Yste Murvika til utløpet av Vågselva vert teke inn og sikra særskilt for ålmenta, og at det vert arbeidd for å etablere ein samanhengande kyststi i kommunen. Dei øvrige områda som er vist til i innspelet, og som allereie ligg inne i forslag til kommuneplan, vert vidareført frå gjeldande arealdel(2007). Kommunen skal i samband med utarbeiding av ny arealplan gjennomføre særskilt registrering av friluftsområder. Det er m.a. i samband med dette kartleggingsarbeidet naturleg å sjå på del av problemstillinga ovanfor, som handlar om ivaretaking av kystlina i Skodje.

Konklusjon: Innspelet bør vurderast gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Skodje sokneråd, har i sin uttale, datert 05.11.15, peika på at Den norske kyrkja som folkekyrkje, i samsvar med Grunnlova, skal understøttast av staten. Kyrkjelova legg ansvaret for finansiering på kommunen, og Skodje sokneråd meiner difor at det vil vere naturleg at kommuneplanen også seier noko om folkekyrkja sin plass i kommunen. Skodje sokneråd foreslår nokre tillegg til kommuneplanen, og har grunngjeve desse særskilt.

Side 13, satsingsområde AREAL, 3. siste kulepunkt: Areal rundt eksisterande idrettsanlegg, kyrkjegard og andre offentlege område skal sikrast slik at områda kan vidareutviklast i samsvar med framtidige behov.

Grunngjeving: Arealet som i gjeldande kommuneplan er avsett til kyrkjegard skal dekke eit folketal på 5 - 6000. Det er viktig at buffersoner rundt kyrkjegarden vert tekne vare på som park –og/eller landbruksområder, og at areal som kan nyttast til framtidig kyrkegardsutviding t.d. nord for Ytreskodjevegen ikkje vert omdisponert.

Rådmannen si vurdering:

Ordlyden som er nytta i planforslaget(side13) er : «Areal rundt eksisterande idrettsanlegg og offentlege område skal sikrast, slik at områda kan vidareutviklast i samsvar med framtidige behov». Rådmannen meiner omgrepet *offentlege område* også dekkjer kyrkjegarden.

Konklusjon: Behovet for utviding av Skodje kyrkjegard bør vurderast gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Side 16, satsingsområde BORN OG UNGDOM, 2. kulepunkt: Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste, *rusfrie* ungdomsmiljø.

Grunngjeving: Det er viktig å etablere gode og rusfrie ungdomsmiljø.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er einig i tilrådinga frå Skodje sokneråd og rår til at omgrepet *rusfrie* vert nytta i kommuneplanen.

Konklusjon: Pkt.2 side 16 bør endrast til: «Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø».

Side 16, satsingsområde BORN OG UNGDOM, nytt kulepunkt: Setje kyrkja i stand til å gjennomføre trusopplæring.

Grunngjeving: 79 prosent av alle born som vert fødde i Skodje vert døypt i kyrkja, og den norske kyrkja har fått ansvaret for trusopplæringa til desse borna. Staten yt noko tilskot til føremålet, men den lokale kyrkja må legge til rette lokalitetar og arbeidstilhøve/kontorplassar for tilsette i trusopplæringa.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til soknerådet si grunngjeving ovanfor, og legg til grunn at kommunen sin bygningssmasse også kan nyttast i samband med trusopplæringa.

Konklusjon: Rådmannen viser til at eksisterande kommunale bygg er tilgjengeleg for bruk til trusopplæring for den norske kyrkja, tilsvarande andre lokale organisasjonar.

Side 17, satsingsområde FOLKEHELSE, 5. kulepunkt: Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og *sosiale* aktivitetar som passar for alle.

Grunngjeving: All forskning og erfaring viser at ikkje berre fysisk, men også sosial aktivitet, styrker folkehelsa. Deltaking i gudstenestefellesskap, songkor og andre fellesaktivitetar er også viktig for innbygarane sitt velvere og helse, og bør ikkje utelatast i planen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er einig i tilrådinga frå Skodje sokneråd og rår til at omgrepet *sosiale aktivitetar* vert nytta i kommuneplanen.

Konklusjon: Pkt.5 side 17 bør endrast til: «Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle».

Side 18, satsingsområde FRIVILLIHET, 1. kulepunkt: Systematisk samarbeid med *kyrkje*, frivillige lag og organisasjonar.

Grunngjeving: Den norske kyrkja arbeider på mange måtar i skjæringspunktet mellom offentleg og frivillig verksemd både innanfor kultur og sosialt ansvar. Etter soknerådet sitt syn vil det difor vere naturleg at kyrkja i planen vert nemnt særskilt saman med frivillige lag- og organisasjonar.

Rådmannen si vurdering:

Kommuneplanen, slik den er utarbeidd, peikar ikkje direkte på alle gode og viktige arenaer som vi har i kommunesamfunnet i dag. Rådmannen legg til grunn at omgrepet *frivillige lag og organisasjonar* dekkjer alle grupper og samfunnsaktørar som verkar her, no og i åra framover.

Konklusjon: Rådmannen legg til grunn at omgrepet ordlyden som er nytta i planforslaget(side18): «Systematisk samarbeid med frivillige lag og organisasjonar» også omfattar kyrkja.

Ranveig og Rolf Stavset meiner i sin uttale, datert 09.11.15, at det til tider er uklart kva SKODJE femner om. Stavset er i fleire tilfelle usikker på om det er Skodje kommune eller Skodjebygda det er tale om. Stavset ønskjer at Skodje kommune skal nyttast om kommunen, slik at det ikkje vert misforståingar om dette.

Rådmannen si vurdering:

Kommuneplanen gjeld for heile kommunen og fleire omgrep som t.d. Skodje kommune, Skodje og Skodjesamfunnet vert nytta om kvarandre i plandokumenta.

Konklusjon: Rådmannen vil sjå bruken av Skodje i dei ulike samanhengane, og gjere presiseringar der ordlyden kan vere uklar.

Stavset viser til side 12 under prinsipp for arealbruk, der det står at: Bukvalitetane i Skodje sentrum skal styrkast med attraktive og varierte husværetypar. Stavset viser til at unge og eldre ønskjer å bu fleire stader i kommunen enn i sentrum, og at det bør leggest til rette for bustader for desse gruppene på fleire stader i kommunen.

Når det gjeld teknisk og sosial infrastruktur, minner Stavset om at nesten heil den vestlege delen av kommunen er utan offentleg vassforsyning og viser til at det er den delen som ligg nærast Ålesund som bør prioriterast.

Rådmannen si vurdering:

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal legge nokre føringar inn i arbeidet med arealdelen, men det er gjennom sjølve arealplanarbeidet hovuddrøftingane omkring ønska framtidig arealdisponering skal skje. Det er ikkje tvil om at vi nasjonalt og lokalt står føre store utfordringar. Nokre av utfordringane er knytt til klima og miljø, nokre er knytt til demografi og busettingsmønster og viktige spørsmål vil då klart handle om fortetting og økonomisk berekraft. Tilgang til gang- og sykkelvegar, kollektivtilbod, offentleg teknisk infrastruktur, skular, barnehagar, idrettsanlegg og fritidsaktivitetar er svært viktig for den einskilde innbyggjar og kommunen. Rådmannen legg til grunn at kommunen i åra framover bør utnytte dei områda i kommunen som allereie har ein teknisk og sosial infrastruktur.

Konklusjon: Rådmannen legg til grunn at kommunen i åra framover bør utnytte dei områda i kommunen som allereie har ein teknisk og sosial infrastruktur.

Stavset saknar elles eit avsnitt om at kommunen vil arbeide for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for ålmenta(for unge, eldre og bevegelse hemma).

Rådmannen si vurdering:

Kommunen ønskjer å arbeide for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for ålmenta(for unge, eldre og bevegelse hemma). Slike arealvurderingar er innarbeidd i gjeldande kommuneplan, der ein har søkt å ivareta samanhengande areal mellom fjøre og fjell, sikre stiar, råser og løypetrasear samt parkeringsplassar i tilknytning til utfartsområda. Rådmannen er einig i punktet med fordel kan innarbeidast i ny samfunnsdel, og kan gjerne takast inn som eit prinsipp for arealbruk(jf. Side 12/13)

Konklusjon: Rådmannen rår til at det vert innarbeidd eit nytt avsnitt/kulepunkt under satsingsområdet areal, som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle.

Norges vassdrags-og energidirektorat(NVE), har i brev datert 12.11.15, ikkje merknader til

samfunnsdelen.

Statens vegvesen Region midt har i sin uttale, datert 23.11.15, ikkje særlege merknader til planframlegget, men presiserer for ordens skuld at vurderingar og avklaringar i høve arealbruken i kommunen må gjerast i tilknytning til rullering/revidering av arealdelen til kommuneplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal seier i sin uttale, datert 30.11.15, at utkast til plandokument og grunnlagsdokument synest godt gjennomarbeidd, og svarar jamt over godt på nasjonale forventningar og dei samfunnsoppgåver som skal løysast i planperioden. Det er positivt at kommunen har vektlagt brei medverknad i planprosessen, med ei særskilt tilrettelegging for ungdom si deltaking.

Fylkesmannen bed om at avsnitt i **grunnlagsdokumentet** med «overordna rammer for den kommunale planlegginga» vert tillagt følgjande:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Konklusjon:

Rådmannen viser til fylkesmannen si anbefaling og rår til at følgjande dokument innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har elles følgjande merknader og innspel til **Kommuneplan for Skodje 2015-2025 – samfunnsdelen**(som i uttalen er oppsummert under fylkesmannen sine ansvarsområde):

Fylkesmannen viser ser det som positivt at kommunen legg opp til fortetting og effektiv arealutnytting ved planlegging av nye bustad og næingsområder, og at arealdisponeringa skal basere seg på kunnskap og behovsrekneskap. Fylkesmannen ser det også som positivt at kommunen vil legge til rette for eit miljøvennleg førsteval når det gjeld samferdsel, med tilrettelegging for mjuke trafikantar og kollektivsatsing i alle delar av kommunen.

Fylkesmannen viser til satsingsområdet «Areal» og prinsipp for arealbruk i 10 års perioden s. 12, der det m.a. står at Skodje sentrum skal styrkast gjennom konsentrering av detaljvarehandel og servicetilbod, samt urbane funksjonar og kulturopplevingar. Digernes næringsområde skal prioriterast ved lokalisering av plasskrevjande handel og institusjonar. Fylkesmannen viser til at det innanfor Digernes næringsområde i dag er opna for detaljhandel inntil 9000 m², og meiner at ytterlegare utbygging av detaljhandel må skje i kommunesentera i regionen. Fylkesmannen viser elles til statleg planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og bed om at retningslinene vert lagt til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen viser til at kommunen legg til grunn at retningsline for bygging av naust med tilhøyrande anlegg, datert 07.03.05 skal ligge til grunn. I høve retningslinene til kommunen er det i dag tillate med naust med maksimal grunnflate på 50m², og ev. justeringar av gjeldande regelverk skal vurderast som del av arealplanarbeidet.

Fylkesmannen rår til at kommunen gjer ei kartlegging av strandsonen i kommune for å få ein status over kor stor del av denne som allereie er nedbygd, og kor stor andel ein har att som tilgjengelege strandsoner. Det er viktig å få ei oversikt over kva restkapasitet ein har i gjeldande plan når det gjeld naust, og om lag kva som er gjennomsnittleg nauststorleik. Det er viktig å få registrert alle bygg i strandsonen (naust, hytter og hus), slik at ein får ein samla arealstatus for 100-metersbeltet før ein går i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Fylkesmannen viser elles til eigne retningsliner for naust, og rår til at kommunen legg desse til grunn i det vidare arbeidet.

Fylkesmannen ser det som positivt at kommunen går inn for å arbeide målretta med klimatiltak, og peiker i den samanheng særskilt på kommuneplanen sin arealdel sine viktigaste styringsverktøy for å redusere klimagassutslepp. Kommunen har signalisert ei arealdisponering i form av fortetting ved planlegging av nye bustadområde, samt tilrettelegging for mjuke trafikantar og kollektivtrafikk. Dette meiner fylkesmannen er ein god strategi med sikte på å utvikle eit lokalsamfunn med lågare utslepp. Det er viktig at føringane frå samfunnsdelen vert følgt opp ved revisjon av arealdelen.

Fylkesmannen saknar ei skildring av naturverdiane i kommunen og behovet for sikring og oppfølging av desse. Indirekte sikrar kommunen naturområde ved å legge opp til fortetting av byggeområde og effektiv arealutnytting, men ein saknar likevel ei vurdering av behovet for å sikre nye naturområde med vern, og ev utvide eksisterande verneområde eller revidering av verneområdeforskrifter. Korleis er situasjonen når det gjeld svartelista artar og kva som vert gjort for å hindre spreiding av desse. Kva er situasjonen når det gjeld forureina grunn og vassdrag, og kva behov er det for oppfølging.

Fylkesmannen ser det elles som positivt at det skal gjennomførast ei registrering av område for friluftsliv, samt sikring og utvikling av særleg viktige friluftsområde. Fylkesmannen viser elles til fagleg rettleiar frå Miljødirektoratet, som kan nyttast i dette arbeidet. Fylkesmannen rår kommunen til å legge denne rettleinga til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen. Det er særleg viktig å kartleggje områda som ligg i og i nærleiken av tettstader og strandsoner. Fylkesmannen rår elles kommunen til å nytte barnetråkkregistreringar i arbeidet med kartlegging av friluftsområde, og at ein har eit særskilt fokus på nærmiljøet. Fylkesmannen rår til at kommunen legg opp til brei medverknad i prosessen med kartlegging av friluftsområde, slik at ein når dei ulike brukargruppene i kommunen.

Fylkesmannen føreset at landbruksomsyn vert følgt opp og konkretisert i det vidare planarbeidet, særskilt gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesmannen viser til kommunen sitt grunnleggjande ansvar for tryggleiken til innbyggjarane, dei føringar som er lagt for utarbeiding av ROS-analyse for heile kommunen, der funn frå analysen skal følgjast opp gjennom kommunal planlegging. Gjennom gode analysar og planlegging skal det arbeidast for redusert sårbarheit for klimaendringar og uønskte hendingar. Bredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdaterte og reservevassforsyning skal etablerast. Fylkesmannen rosar kommunen for korleis samfunnstryggleik er inkludert og integret som ein del av kommuneplanen, og viser til at planen er eit godt bidrag til å oppfylle krava som vert stilt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid.

Rådmannen si vurdering: Rådmannen er nøgd med tilbakemeldinga frå fylkesmannen om korleis forslag til kommuneplan ivaretek beredskap. Rådmannen viser til handlingsprogrammet side 23, og rår til at pkt. vedrørande beredskap under helse-og omsorgstenester, kan takast ut sidan det vert ivareteke på eit overordna nivå. I handlingsprogrammet side 20 står det at «Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdaterte», dette gjeld både innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenesteområda.

Konklusjon: Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenesteområda.

Fylkesmannen viser elles til at omsynet til barn og unge synest vere godt ivareteke i kommuneplanen, men føreset ei nærare konkretisering m.a. i samband med utarbeiding av arealplanar. Ved planlegging av nye byggeområde må kommunen vurdere om utbygginga kjem i konflikt med område som i dag er i bruk til leik eller som er eigna for leik, og at det må finnast erstatning for tap av slike areal. Ved planlegging av bustadområde må det stillast funksjonskrav til leikeareal.

Fylkesmannen viser til at folkehelse synest godt ivareteke i forslag til kommuneplan, og peikar på at det er viktig at intensjonane vert følgt opp med konkrete tiltak.

Rådmannen si vurdering:

Samfunnsdelen legg nokre rammer for arealplanarbeidet. Det er naturleg at kommunen, som grunnlag for arealplanarbeidet, følgjer fylkesmannen sine tilrådingar m.a. om å legge till grunn *statleg planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging*, og gjennomføre særskilte registreringar av t.d. friluftsområder og barnetråkk, naturverdiar og strandsone. Det er i samband med utarbeiding av forslag til planprogram for arealdelen naturleg å ta med seg dei punkta som fylkesmannen nemner ovanfor.

Konklusjon: Dei tema som er teke inn ovanfor vil bli vurdert gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Skodje Venstre har i sin uttale, datert 30.11.15 vist til at behovet for handling i forhold til dei økonomiske realitetane er stort. Målet med å utarbeide forslag til økonomiske handlingsreglar i kommuneplanen sin samfunnsdel er å få fokus på økonomi i kommunen sitt overordna planverk. Føremålet er å synleggjere og skape breiast mogeleg semje om dei hovudgrepa vi skal styre etter for å skape ei berekraftig økonomisk utvikling over tid. Hovudgrepa skal nedfellast i kommuneplanen sin samfunnsdel og gi føringar for kommunen sin økonomi og verksemdsplanlegging. For fullstendig oversikt over innhaldet i innspel frå Skodje Venstre, visast det til vedlagde uttale. Skodje Venstre meiner at følgjande handlingsreglar, som her er kort gjort greie for, skal leggst til grunn for all økonomiplanlegging i planperioden:

1. Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter.
2. Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 8 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto lånegjeld bør over tid ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter.
4. Grad av eigenkapital på investeringar bør over tid vere 30 % av totale investeringskostnadar.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen ønskjer at økonomiske handlingsreglar vert teke inn i kommuneplanen sin samfunnsdel, og slik medverke til at det vert sett eit særskilt fokus på økonomi i kommunen sitt overordna planverk.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at følgjande handlingsreglar vert teke inn i handlingsprogrammet under økonomi(side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.

- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Skodje Venstre støttar vidare alternativ tekst for Jernbane(alternativ 2). Grunngevinga går i sin heilskap fram av uttalen, og det visast til at ei satsing på lyntog vil ha god effekt både på klimagassutslepp og trafikkulukker. Ei lyntogrute frå Ålesund til Oslo vil knyte Noreg tettare saman og sikre ein av landets fremste verdiskapings – og eksportregion ei betre samferdselsløyising. Skodje vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsiktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til at det ligg inne to ulike alternativ til formulering under avsnitt for Jernbane i grunnlagsdokumentet (side 25 og 26). Tidsperspektivet på kommuneplanen er 10 år, og plan og bygningslova krev ei evaluering av kommuneplanen kvart 4. år(gjennom planstrategiarbeidet). Transportløyisingar og satsing på infrastrukturtiltak for framtida, er eit svært aktuelle tema å arbeide med ei eit nasjonalt eller regionalt perspektiv.

Konklusjon: Transportutbygging, herunder utbygging av jernbanenettet, er eit tema som minst bør ha eit regionalt perspektiv. Val av trase, stasjonsplassering og sikring av areal i Skodje, bør basere seg på ein heilskapleg plan for eit større område.

Når det gjeld teknisk infrastruktur, syner Skodje Venstre til side 13 og ev. handlingsdelen side 20:

- Rulleringa av hovudplan for vassforsyning med handlingsplan for nye investeringar. Rullering må ta omsyn til behov for nye investeringar på vatn – Brusdal, Utvikbygda, Stavsetstranda frå Opskar- Mauren, Glomset.
- Plan/handlingsplan over vedlikehaldsbehov for veg og vatn.
- Rullering av handlingsdel for avløp må ta omsyn til behov for nye slamavskiljarar i område med utbygging.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til at det vert arbeidd med rullering av hovudplan for vassforsyning. Kommunen skal gjennom hovudplan for vassforsyning:

- Konkretisere og prioritere kommunen sine mål for vassforsyning
- Få fram ei oversikt over aktuelle og prioriterte tiltak
- Vise investeringsbehov og gebyrutvikling
- Vurdere ei utviding av Skodje vassverk sitt dekningsområde og prioritere tiltak ut i frå ein heilskapleg vurdering

Rådmannen viser til at hovudplan for veg er under arbeid. Hovudplanen for veg vil gi eit godt grunnlag for framtidig ressursinnsats innan drift, vedlikehald og forsterking av det kommunale vegnettet.

Utbygging av private og kommunale avløpsanlegg skal stette krava i forureiningsforskrifta. Prioritering av kommunale tiltak innanfor dette området, vert prioritert gjennom handlingsdelen til hovudplan.

Konklusjon: Tiltak og prioritering som gjeld vassforsyning, veg og avløp vil bli handsama og prioritert gjennom handlingsdelen til hovudplan.

Møre og Romsdal fylkeskommune viser i sin uttale, datert 01.12.15, til at samfunnsdelen til kommuneplanen er godt organisert, og synest godt gjennomarbeidd ved at utfordringar og muligheiter, prosess og medverknad er godt beskrive i grunnlagsdokumentet. Plandokumentet er passe langt til å fungere som eit arbeidsverktøy i kvardagen.

Dei ulike satsingsområda er handsama noko ulikt ved at satsingsområda kommuneorganisasjonen og areal, er meir omfattande enn dei øvrige. Det er bra at det i dokumentet er gitt plass til prinsipp og føringar for arealbruk som grunnlag for kommuneplanen sin arealdel.

Fylkeskommunen peikar på at handlingsprogrammet er svært omfattande og at det er vanskeleg å sjå korleis kommunen ønskjer å prioritere mellom alle desse gode føremåla og kva konkrete tiltak ein ser føre seg. Det er bra at kommunen har sett opp måleindikatorar , men det er vanskeleg å sjå om dei vil gi eit fullgodt bilete av måloppnåing, og fylkeskommunen saknar også her linken til kommunen sine konkrete tiltak.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til at handlingsprogrammet utgjer rådmannen sin overordna verksemdsplan, og skal vurderast kvart år i samband med kommunen sitt strategi og økonomiplanarbeid.

Konklusjon: Rådmannen ønskjer no å ta i bruk handlingsprogrammet som arbeidsverktøy, og vil vurdere form, innhald og måleindikatorar i lag med den politiske leiinga etter å ha gjort seg nokre erfaringar med verktøyet.

Fylkeskommunen rår kommunen til å vurdere behovet for å ta inn framstillingar eller trendar frå nyleg publisert kommunestatistikk før slutthandsaminga.

Rådmannen si vurdering:

Grunnlagsdokumentet(side 12-16) viser utviklingstrekk og tabellar frå m.a. kommunestatistikk, som er basert på tal frå 2014-2015.

Konklusjon: Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk, bør oppdaterast med nyleg publisert kommunestatistikk.

Ein ser elles positivt på at kommunen i grunnlagsdokumentet har teke inn eit kap. som handlar om Skodje kommune i høve til nasjonal og regional politikk. Fylkeskommunen ser gjerne at kommunen også omtalar satsingsområda i Fylkesplan 2013-2016(Kultur, kompetanse, verdiskaping, samferdsel) og vurderer korleis kommunen kan bidra til at samfunnet Møre og Romsdal når måla som er sett for desse satsingsområda. Fylkeskommunen legg opp til å vidareføre satsingsområda i planperioden 2016-20. Grunnlagsdokumentet viser elles til to dokument som er avvikla, og som dermed bør takast ut av lista. Dette er Fylkesdelplan for strand og kystsonen(2000), og Jordvernstrategi for Møre og Romsdal(delvis erstatta med Landbruksmelding(2012).

Ein veit enno ikkje korleis kommunereforma vil slå ut for kommunestruktur og samarbeid i regionen,

men fylkeskommunen ser positivt på at Skodje uavhengig av dette vil vere ein pådrivar for ein sterk Sunnmørsregion. I denne samanheng bør kommunen vise til positive erfaringar frå K-6 samarbeidet dei siste åra, andre samarbeidsforum, samt gjerne også siste tids initiativ til felles tilnærming og kunnskapsgrunnlag for kommunale planstrategiar.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til at 11 av 13 kommunar i regionkommunealternativet(kommunereform) har gått saman for å samarbeide om m.a. faktagrunnlaget for dei kommunale planstrategiane. Det er mange tema som det med dagens utfordringar kan vere svært aktuelle å arbeide med ei eit regionperspektiv, og her vil det vere særskilt aktuelt å sjå nærare på mogelegheita for felles transportplanlegging, areal og næringsutvikling.

Konklusjon: Rådmannen viser til at Skodje kommune i løpet av året skal vedta kommunal planstrategi for perioden 2016-2020, og ser det som heilt naturleg at dette arbeidet m.a. kan resultere i nokre planprioriteringar med regionalt perspektiv.

Møre og Romsdal fylkeskommune peiker på at sidan tilrettelegging for eit miljøvennleg førsteval er teke inn som ein suksessfaktor, burde dette også kanskje takast med som ein del av hovudmålsettinga, i tillegg til betre infrastruktur og trygg ferdsel. Suksessfaktorane under samferdsel burde vere med ei eller anna form i handlingsprogrammet, under areal, samferdsel og næring. Mjuke trafikkantar og trafikktryggingstiltak er ikkje nemnt her, men det burde vere ei av hovudprioriteringane, at det er eit overordna mål at alle skal kunne gå og sykle med låg risiko på veg til og frå daglege gjeremål, skule og fritidsaktivitetar.

Skodje kommune er ein av kommunane i fylket med lågast arbeidsplassdekning. Samfunnsplanen problematiserer dette, men legg ikkje opp til noko offensiv satsing for å skape arbeidsplassar utover å legge til rette for næringsareal. Næringslivet er ikkje sett i samanheng med næringslivet i resten av regionen, og det er ikkje sagt noko om bransjar ein vil satse på. Reiseliv er nemnt, men det er sagt lite om kvifor denne bransjen er valt ut, og i kva grad ein skal samspele med aktørar utanfor kommunen. Det er positivt at kommunen vil halde fram med hoppid tilbod til nyetablerarar frå Skodje, og peikar på at det er viktig at kommunen marknadsfører denne tenesta godt. Det er også positivt at ein vil utvikle næringsforum for lokalt næringsliv, men her bør ein sjå på mogelegheita for å kople seg til regionale tilbod, som Næringsforeining – Ålesundsregionen.

Rådmannen si vurdering:

Fylkeskommunen er inne på at kommunen bør legge opp til eit samarbeid om næringsutvikling m.a. gjennom dei regionale tilboda og at næringslivet i Skodje kommune bør sjåast på i samanheng med næringslivet i resten av regionen.

Konklusjon: Tema som næring, areal og transportplanlegging bør sjåast på i ein større samanheng, og vurderast i eit regionperspektiv. Det er naturleg at dette temaet vert drøfta nærare i samband med det kommunale planstrategiarbeidet(2016-2020).

Skodje kommune har vedteke sin kulturminneplan, og ein ser at det vidare er plan om å sikre desse gjennom kommuneplanen sin arealdel. I arealdelen ønskjer fylkeskommunen at kulturminna vert markert med ei omsynssone rundt, slik at kulturminna får bevart ein naturleg samanheng der dei er. For at kulturminna skal bli tatt vare på, treng dei å vere i «bruk», og fylkeskommunen spør korleis dette heng saman med idrett og folkehelse, gang- og sykkelveg, skule og i næringsssamanheng mm.

Fylkeskommunen viser elles til at lett tilgang til turområde nær der folk bur, helst innanfor 500 m, er viktig for å få auka kvardagsaktivitet og folkehelsegevinst. Dette kan det med fordel settast eit

tydlegare fokus på i planen. Det er eit mål for folkehelsearbeidet at alle skal kunne gå, sykle og køyre med låg risiko på veg til og frå daglege gjeremål og fritidsaktivitetar. Det bør difor vere eit mål for Skodje kommune i plansamanheng å sikre areal til gang- og sykkelveggar til arbeidsplasskonsentrasjonar som på Digernes. Under satsingsområdet Folkehelse er det vidare viktig å løfte fram at gode barnehagar og skular har mykje å seie for ein god start i livet og er kanskje aller viktigast med tanke på å legge grunnlaget for god helse, samt å førebygge sosiale skilnader. Tverrfagleg samhandling, med tydeleg plassert ansvar for koordinering, blir også viktig i høve barn som har problem. I dette er sjølvstgode tenester på rus- og psykiatriområdet viktig.

Fylkeskommunen peikar vidare på at det er viktig å tydeleggjere kva som er meinast med å utvikle skulane, kulturskulen osv. Til dømes har 33 prosent av tilsette i barnehagane barnehageutdanning, noko som er over nivået i fylket, men under nivået i landet. Kva er målet for kommunen innanfor dette området?

Fylkeskommunen viser til at handlingsprogrammet bør vere meir konkret, og til dømes seie noko om på kva slags måte kommunen skal medverke til at innbyggjarane tek vare på eiga helse og får kunnskap om helsefarar.

Det er positivt at kommunen vil arbeide for å utvikle friluftsområda i Svartløkområdet i samarbeid med grunneigarar og nabokommunar sidan dette er eit viktig friluftsområde for regionen. Fylkeskommunen rår kommunen til å sette i verk ei systematisk kartlegging og verdsetting av viktige friluftsområde i kommunen, og tilbyr kartleggingsverktøy og rettleiing til dette arbeidet.

Fylkeskommunen synes at det er positivt at barn og ungdom er løfta fram som eige satsingsområde, og pekar på kommunen sitt MOT arbeid og medverknadsopplegg for kommuneplanen. Ungdata kartlegginga viser at ungdomen i Skodje skil seg negativt ut i høve landsstatistikken, når det gjeld i kva grad ein er nøgd med lokalmiljøet. Dette er ei utfordring som kommunen kanskje enda meir konkret burde ta tak i gjennom prioriteringane i handlingsprogrammet.

Fylkeskommunen viser til problemstillinga omkring innvandring, rår til at denne målgruppa vert løfta tydelegare fram og at det vert sett opp eigne tiltak retta mot denne gruppa i handlingsprogrammet.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen viser til at stadig fleire flyktningar vil busette seg i kommunen i åra framover. Dette må kommunen som organisasjon vere i stand til å handtere. Rådmannen legg til grunn at kommunen skal ha eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar.

Konklusjon:

Det er foreslått å ta inn eit punkt vedr. flyktningar i handlingsprogrammet (side 21), som er nærare gjort greie for under oversikt over innspel – etter intern prosess.

Møre og Romsdal fylkeskommune konkluderer med at Skodje kommune har laga eit godt gjennomarbeidd forslag til kommuneplan, med ein ryddig struktur og ei grundig analyse.

Skodje ungdomsråd har i sin uttale, datert 03.12.15, peika på følgjande:

Ein ønskjer at kommunen held fram si satsing på MOT, og det bør innførast fadderordning for nye elevar i 8. trinn.

Ungdomen ønskjer seg varmare skulebygg, særleg på måndagar. Det vert elles peika på dårlege toalett

tilhøve ved skulen. Det bør leggast til rette for kjeldesortering på skulane.

Det bør vere ein stad i kommunen der ungdomane kan vere saman, der det ikkje er eit krav om å bruke pengar. Det burde då setjast krav til ungdomen i høve organisering, og vaksne som er med gjer det trygt for ungdomen å vere der. Ungdomsrådet ønskjer hjelp til å bli kopla saman med frivillige organisasjonar som kan vere med å drive ein ungdomsstad.

Ungdomsrådet peikar på at skulehelsetenesta burde vore tilgjengeleg på skulen kvar dag, og midlane som regjeringa har sett av til dette bør brukast til føremålet.

Skulebussen bør veksle på å køyre først til Stette og Engesetdal. Det vert vidare peika på at busstilbodet mellom grendene bør betrast. Tilgjenge til informasjon om fylkeskommunen si ordning knytt til busskort bør vere lett tilgjengeleg. Det hadde vore nyttig med togbane til Vigra. Det bør setjast opp gatelys langs alle gangvegane og det bør byggast fortau ut til Straumen, då det er svært utrygt å gå på denne strekninga.

Ungdomsrådet viser elles til at det bør setjast opp boskorger i bygda, settast opp varslingsanlegg knytt til beredskap i høve ras/flodbølgje på Valle/Glomset og Skodje kommune bør halde fram som nynorskkommune.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen registrerer at ungdomsrådet set fokus på tiltak som kan betre rammevilkåra for ungdom både i skuletid og fritid. Ungdomsrådet skal ha ros for å vere svært konkret i kva som er nødvendige tiltak.

Det vil frå 1. april 2016 vere tilsett ein kulturhus- og ungdomskontakt i Skodje kommune. Til denne stillinga ligg også å arbeide saman med ungdomsrådet.

Rådmannen rår ungdomsrådet, med støtte i ungdomskontakten, til å lage grunngjevne utfordringar til dei ulike tenesteområda. Krev tiltaka store økonomiske ressursar, må det lagast politisk sak. Slik kan og bør mykje av det ungdomsrådet held fram i merknaden sin, bli gjort noko med i nær framtid.

Det er elles flott at ungdomsrådet er opptekne av at vi skal halde på nynorsk som skriftspråk. Språket er viktig del av identiteten vår, og den skal vi ikkje miste sjølv om vi blir del av ei større kommune.

Konklusjon:

Ungdomsrådet bør saman med nyttilsett ungdomskontakt, ta forslaga og ønska som er sett fram ovanfor, vidare med aktuelle tenesteområde og instansar. Det vil bli lagt fram eiga sak til Skodje kommunestyre, som vedkjem ungdomsrådet sitt innspel om varslingsanlegg knytt til beredskap i høve ras/flodbølgje på Valle/Glomset.

Valle Indremisjon har i sin uttale, datert 10.12.15, følgjande innspel til forslag til kommuneplan:

Areal - punkt 1: Valle Indremisjon meiner at bedehus og andre lags-hus som driv med offentlege samlingar, skal høyre med. Dei dekkjer behov og er med på å fremje livskvalitet. Det må takast høgde for at slike hus kan trenge større tomt for utbygging, parkering, leik og andre føremål.

Barn og unge: Valle bedehus har arbeid blant barn og foreldre. Kafeen, som stiller med god mat etter skuletid, er eit populært tiltak. Dei andre bedehusa driv også arbeid for born og unge. Det kostar å drive lagsarbeid, og det hadde vore fint om ein kunne søkje om tilskot til slikt arbeid.

Folkehelse og Frivilligheit : Kafeen på Valle bedehus er eit sosialt fellesskap som mange set pris på. Valle indremisjonen viser til at dei private bygga som vert nytta til slike føremål bør få fritak for

kommunale avgifter.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er merksam på den store verdien frivillig lagsarbeid representerer for bulyst, livskvalitet og folkehelse. Det blir skapt møteplassar, varierte aktivitetstilbod til ulike aldersgrupper og er med på å skape røter og identitet.

Rådmannen ser at kommunen har ei viktig rolle i å gje dei frivillige laga føreseielege vilkår.

Det vil heilt klart bli trong om at nokre bedehus og andre lagshus kan trenge større tomt for utbygging, parkering, leik og andre føremål. Dette må vurderast i samband med rullering av arealplanen.

Skodje kommune har frå og med 2016 tilgang til Tilskuddsportalen, som er eit godt verktøy for både kommunale og frivillige organ til å søkje eksterne tilskot til ulike prosjekt.

Skodje kommune har ikkje praksis for å gje fritak for kommunale avgifter.

Konklusjon:

Behov for å disponere meir areal rundt frivillige lagshus må handsamast i samband med rullering av arealplanen. Rådmannen vil elles oppmøde frivillige lag til å ta i bruk *Tilskuddsportalen* for å søkje tilskot til drifta.

Oppsummering - rådmannen sitt endringsframlegg:

Rådmannen har etter gjennomføring av intern prosess og etter vurdering av innkomne merknader i samband med offentleg høyring, konkludert med å kunne tilrå følgjande endringsframlegg i forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2016 – Samfunnsdelen:

Rådmannen rår til at *Skodje – Utvikingsorientert brubyggjar i regionen*, vert visjonen for komande kommuneplanperiode.

Suksessfaktorar for satsingsområdet AREAL (tillegg til plandelen side 12) :

- Det skal innarbeidast nytt kulepunkt som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16):

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdige SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Suksessfaktorar for satsingsområdet for FOLKEHELSE (tillegg til plandelen side 17):

- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle.

Tillegg til handlingsprogrammet under avsnitt for ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn (side 21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, noko som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **barnehagar** (side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjenne barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **grunnskule** (side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best mogeleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk eit program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv** (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **økonomi** (side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.
- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Andre tillegg/endingar:

Det skal gjerast presiseringar av bruken av Skodje, der ordlyden kan vere uklår.

Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for

beredskapsplanar innanfor dei ulike tenestoområda

Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk skal oppdaterast med nyleg publisert kommunestatistikk.

Følgjande dokument skal innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

INNSTILLING:

RÅDMANNEN SI INNSTILLING

Kommunestyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen, med følgjande endringar/tillegg:

Skodje – Utvikingsorientert brubbyggjar i regionen - er visjonen for Skodje kommune i planperioden 2016-2026.

Suksessfaktorar for satsingsområdet AREAL (tillegg til plandelen side 12) :

- Det skal innarbeidast nytt kulepunkt som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle.

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16) :

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdig SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Suksessfaktorar for satsingsområdet for FOLKEHELSE(tillegg til plandelen side 17)

- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle.

Tillegg til *handlingsprogrammet under avsnitt for ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn*(side 21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, noko som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet, under avsnitt for barnehagar*(side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjenne barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet, under avsnitt for grunnskule* (side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best mogleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til *handlingsprogrammet, under avsnitt for mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv* (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Tillegg til *handlingsprogrammet, under avsnitt for økonomi* (side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.
- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Andre tillegg/endingar:

Det skal gjerast presiseringar av bruken av Skodje, der ordlyden kan vere uklår.

Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenestoområda

Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk skal oppdaterast med nyleg publisert kommunestatistikk.

Følgjande dokument skal innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Forslag til nye kulepunkt i kommuneplanen:

1) Under «Suksessfaktorar for kommuneorganisasjonen sine målområde: TENESTEPRODUKSJON»

- Prioritere førebyggjande arbeid i all tenesteproduksjon.

2) Under «Suksessfaktorar for satsingsområdet BARN OG UNGDOM:»

- Fremje sunne vanar innan kosthald og fysisk aktivitet i tråd med Helsedirektoratet sine anbefalingar.

Visjon for Skodje kommune: "Skodje - for mangfald, trivsel og utvikling"

Nytt kulepunkt under næring: Bidra til å skape møteplassar mellom næringsliv, kommunen og andre aktuelle partar.

Legge til ny setning i fylgjande kulepunkt under satsingsområde "Areal, samferdsel og næring":

Kommunen skal bidra til eit strukturert og godt samarbeid med næringslivet ved m.a. å invitere til lyttemøter, ha god dialog og delta på aktuelle arenaer.

Kommunen skal bidra til å skape møteplassar mellom næringsliv, kommunen og andre aktuelle partar.

FORMANNSKAPET SI INNSTILLING

Kommunestyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 forslag til kommuneplan for Skodje 2016-2026 – Samfunnsdelen, med følgjande endringar/tillegg:

Skodje – Utvikingsorientert brubyggjar i regionen - er visjonen for Skodje kommune i planperioden 2016-2026.

Suksessfaktorar for satsingsområdet AREAL (tillegg til plandelen side 12) :

- Det skal innarbeidast nytt kulepunkt som ivaretek behovet for å sikre og betre tilgangen til natur, sjø, fjell og vatn for alle.

Suksessfaktorar for satsingsområdet for BORN OG UNGDOM (tillegg til plandelen side 16) :

- Utvikle skulane, barnehagane, kulturskulen og biblioteket
- Samarbeide med MOT for å førebygge mobbing, og bidra til robuste og rusfrie ungdomsmiljø.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule og mellom skulane
- Sikre fullverdig SFO
- Tverrfagleg samarbeid på oppvekstområdet

Suksessfaktorar for satsingsområdet for FOLKEHELSE (tillegg til plandelen side 17)

- Legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og sosiale aktivitetar som passar for alle.

Tillegg til handlingsprogrammet under avsnitt for *ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn* (side 21):

- Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, noko som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **barnehagar**(side 22):

Skodje vil: Våre barnehagar skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring

Slik gjer vi det:

- Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse
- Førebygge og motverke mobbing
- Sikre god arealmessig kapasitet i barnehagane for å kunne oppretthalde fleksibilitet i samband med opptak av born.
- Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule
- Skape gode relasjonar mellom born, mellom born og personale og mellom personale og føresette
- Anerkjenne barnehagealderen og barndomen sin eigenverdi

Tillegg/ending til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **grunnskule**(side 22):

Skodje vil: Skodje vil ha ein grunnskule som gir alle elevar best mogeleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid.

Slik gjer vi det:

- Sikre at alle elevar får gode skulebibliotektenester
- Førebygge og motverke mobbing gjennom å ta i bruk program for haldningsskapande arbeid i barneskulen.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv** (side 23):

Slik gjer vi det:

- Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.

Tillegg til *handlingsprogrammet*, under avsnitt for **økonomi** (side 24 og 25):

- Netto driftsresultat bør over tid vere 3% av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfondet bør over tid vere minimum 6 % av brutto driftsinntekter
- Korrigert netto lånegjeld bør haldast lavare enn 75 % av brutto driftsinntekter.
- Investeringar bør ha en viss grad av eigenkapitalfinansiering. (ikkje talfesta, men driftsresultatet bør i sin heilskap gå til finansiering av investeringar når disposisjonsfondet har nådd tilstrekkelig storleik).

Andre tillegg/endingar:

Det skal gjerast presiseringar av bruken av Skodje, der ordlyden kan vere uklar.

Beredskapsplanar skal gjennomførast og haldast oppdatert innanfor overordna planlegging og for beredskapsplanar innanfor dei ulike tenestoområda

Kapittel i grunnlagsdokumentet som beskriv utviklingstrekk skal oppdaterast med nyleg publisert

kommunestatistikk.

Følgjande dokument skal innarbeidast i «overordna rammer for den kommunale planlegginga»:

- 2014 Statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- 2011 Statleg planretningsline for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- 2008 Rikspolitisk bestemming om kjøpesenter
- 2009 Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging i kommunane
- 1995 Rikspolitisk retningsline for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- 1994 Rikspolitisk retningsline for verna vassdrag

Jernbane – alternativ 2 Grunnlagsdokument s. 25/26

Lyntog er ein reiskap for å innfri krava til moderne mobilitet på ein effektiv og berekraftig måte. Lyntog reduserer både klimagassutslepp og avstandsulemper. Dei knyter marknader og arbeidsplassar saman og styrker næringslivets konkurransevne.

At både bygging og drift av lyntognettet i Norge kan brukarfinansierast, betyr at det også kan gi raskare utbygging av nettet mellom Oslo-Trondheim og Ålesund.

Satsing på lyntog vil ha god effekt på både klimagassutslepp og trafikkulykker.

Mange trur at innbyggjartalet i Norge er så lavt at det ikkje vil vere lønsamt å drive lyntog.

Flyforbindelsen Ålesund-Oslo og Molde -Oslo har til saman like mange reisande i året som Paris-Lyon hadde året før opning av lyntogbana der.

Ei lyntogrute frå Ålesund-Oslo vil knyte Norge tettare saman og sikre ein av landets fremste verdiskapings- og eksportregion ei betre samferdselsløyning. Ruta vil ta 2,5 time med 7-8 stopp undervegs.

Med ei reisetid på 2,5% eller mindre er det minst 75% som vel tog framfor fly.

Frå knutepunktet Dombås følgjer stasjonane Bjorli, Valldal, Vestnes, Skodje, Moa og Ålesund.

Skodje vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsiktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.